



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Fylkesmannen rår frå løyve til bygging av Gjelet kraftverk - Jondal

Fylkesmannen legg til grunn at NVE ikkje kan gi konsesjon til bygging av Gjelet kraftverk, jamfør tidlegare vedtak og avslag knytt til Sævarhagen kraftverk.

Fylkesmannen viser til konsesjonssøknad for Gjelet kraftverk, Herand i Jondal kommune.

I dette prosjektet vil ein nytte fallet frå inntak ved utløpet av Herandsvatnet, kote 75,5 ned til kraftstasjon plassert på kote 23,5, rett ovanfor fossen i Herand. Det er foreslått minstevassføring om sommaren på 624 l/s og 208 l/s om vinteren. Røyrkata er på 530 m skal gå på nordsida av elva fram til kraftverket. Gjennom det tronge gjelet nærast inntaket skal ein leggje røyret oppå bakken. Deretter skal det gravast ned. Ein må byggje mellombels anleggsveg 390 m på 4 m bredde langs røyrkata. Søkjar viser til godkjent landbruksveg frå inntaket ned til dyrka mark, pel 110, og at røyrtraseen blir liggjande i denne vegen. Tiltaket vil elles føre til at det blir bygd ny veg 20 m med bredde 4 m fram til kraftstasjonen. Stasjonen får grunnflate på om lag 50 m².

Søkjar viser til at detaljar i spørsmål knytt til landskapsinngrep, massetak og deponi skal avklarast i detaljplanen.

Estimert årsproduksjon er 9 GWh.

Søkjar viser kort til tidlegare søknad om utbygging av Sævarhagen kraftverk:

Alternativet vi nå søker om godkjenning for, er vesentlig mindre og medfører færre inngrep. Det kan her nevnes at fossen ikke blir berørt, oppgangssaga sin vanntilgang forblir upåvirket, fiskeindustrien sitt reserve vannintak blir upåvirket og vannforbruket er redusert fra 73 % til 52 % av det tilgjengelig vannet.

Bakgrunn

Ny søknad er på dei fleste punkt identisk med søknaden om bygging av Sævarhagen kraftverk. Denne søknaden ble avslått av NVE, deretter av OED, jf. endeleg vedtak 20.10.2017. I førre prosess fremja søkjar eit revidert forslag, der røyrkata var nedgrave i øvre del.



Grunngjevinga for avslaget var omsyn til den samla belastninga på landskapet i Herand, og at vassdraget har ein verdi i fjordlandskapet. I vedtaket viser departementet til at Herand kraftverk har fått konsesjon, medan ein ut frå samla belastning på landskapsverdiane gav avslag på utbygging av Grimeelvi og Sævarhagen kraftverk, som ligger i same landskapsrom i Herand. Vi viser til følgjande frå vedtaket:

«Departementet ser det som positivt at landskapsinngrepa i tråd med dei nye planane med vassveg delvis i tunnel vil bli noko redusert. Etter departementet sitt syn vil kraftverket likevel ha betydelege ulemper. Kraftverket vil gje betydeleg redusert vassføring i Storelvi.

Departementet delar NVE si vurdering om at reduksjonen i vassføring i fossen i nedre del av vassdraget vil vere spesielt uheldig. Fossen har verdiar som landskapselement og er viktig for opplevinga av kulturmiljøet og oppgangssaga på Herand. Vidare har vassdraget og verdi i fjordlandskapet.

Departementet finn det naudsynt å legge vekt på den samla belastninga av landskapsinngrep i Herand. Departementet syner til at dette òg vart tillagt vekt i dei endelege vedtaka av 19.12.2014 om å avslå Grimeelvi kraftverk og gi løyve til Herand kraftverk.

Departementet kan ikkje sjå at ein ev. etablering av ny landbruksveg i øvre del av tiltaksområdet vil vere av nemneverdig betyding for konsesjonsspørsmålet.»

Søkjar sin omtale av verknader for naturverdiar og landskap

Søknad om å byggje Gjelet kraftstasjon er basert på dei same miljøundersøkingane som låg til grunn for Sævarhagen kraftverk, med undersøkingar av naturmangfald og landskap som går attende til 2008. Det går fram av søknaden at dei har sjekka mot ny raudliste og ny tilgjengeleg litteratur.

Biologisk mangfald og verneinteresser: Søkjar meiner at omfanget av inngrep på bekkedraget i kulturlandskapet «*neppe blir særleg stort*». Ein har konkludert med middels/lite negativt konsekvensar for påviste naturverdiar og raudlisteartar på land. Konklusjonane er heilt identisk med førre søknad.

Landskapsverdiane i Herand: Søkjar viser til at landskapet i Herandsbygda må reknast som å vere av regional verdi. Dette vil ein omgå ved å «*tilpasse det nye kraftverket, både hva gjelder plassering, utforming og materialbruk, til den allerede eksisterende bygningsmassen nederst ved elva*». Som kompensasjon for utbygginga sin verknad på landskapet vil ein og opparbeide sti langs turbinrøyrret slik at ein kan vandre langs elvekanten.

Fylkesmannens merknad

Forskjellen frå tidlegare prosjekt er at kraftstasjonen er flytta ovanfor fossen. I tillegg har ein gått vekk frå alternativet med tunell i øvre del av røyrkata, og er attende til løysinga med nedgrave røyr. Dette gir meir inngrep på landskapet, særleg i det tronge partiet øvst mot inntaket. Søknaden har dårlege kart, og inngrepet er ikkje visualisert slik at ein får eit realistisk bilde av landskapsinngrepa.

Vi viser til at problemstillingane knytt til samla belastning og landskapsinngrep i Herandsbygda er diskutert utfyllande av NVE og OED gjennom deira behandling av søknad om Sævarhagen kraftverk. Fylkesmannen kan ikkje sjå at ny søknad er endra i høve til sentrale problemstillingar som er diskutert tidlegare. Søkjar ikkje har teke inn over seg grunngjevinga for konklusjonane i gjennomførte konfliktvurderingar.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til tidlegare vedtak om kraftutbygging i Herand. Søknad om bygging av Gjelet kraftverk ikkje viser reelt konfliktnivå.



Fylkesmannen legg til grunn at NVE ikkje gir konsesjon til bygging av Gjelet kraftverk.

Med helsing

Eline Orheim
Seksjonssjef

Anniken Friis
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/
Bergen Turlag
Miljødirektoratet
Hordaland fylkeskommune
Jondal kommune

Tverrgt. 4/6

Postboks 5672 Torgarden
Postboks 7900
Kommunehuset

5017 BERGEN

7485 TRONDHEIM
5020 BERGEN
5627 JONDAL